



Løyve etter forureiningslova for drift av Hartevatn slamhandsamingsanlegg for Bykle kommune

Løyve er gjeven i medhald av lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16. Løyve er gjeven på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 19.02.16 samt opplysningar framkommen under handsaminga av søknaden. Vilkåra framkjem på dei etterfylgjande sidene. Løyvet gjelder frå dags dato.

Verksemnda må på førehand avklare med Fylkesmannen dersom ein ynskjer å foreta endringar i driftstilhøva, utslepp med meir som kan ha ein miljømessig verdi og som ikkje er i samsvar med opplysningar gjeven i søknaden eller under sakshandsaminga.

Dersom heile eller vesentlege deler av løyve ikkje er teken i bruk innan 4 år etter at løyve er gjeven, skal verksemnda sende ei utgreiing om verksemnda sitt arbeidsomfang slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyve.

Bedriftsdata

Bedrift	Hartevatn slamhandsamingsanlegg v/Bykle kommune
Plassering/gateadresse	Hartevatn, Hovden
Postadresse	Sarsvegen, 4754 Bykle
Kommune og fylke	Bykle kommune, Aust Agder
Org. nummer (bedrift)	958 814 968
Gards- og bruksnummer	2/835
NACE-kode og bransje	84.110 Generell offentlig administrasjon

Miljødirektoratets referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2016.0473.T	0941.0018.01	4

Dato for løyve: 28.06.16		
Ildikó Nordensvan seniorrådgjevar		Cecilie H. Moen rådgjevar

¹ Jf. Forurensningsforskriftens kapittel 39 om gebyr til statskassen for Statens forurensningstilsyns arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven

1. Produksjonstilhøve og rammer

Løyve gjeld forureining frå slamhandsamingsanlegg.
Løyve gjeld for handsaming av 1000 m³ avvatna slam per år.

Ved vesentlege endringar skal verksemda søke om endring av løyve, sjølv om utsleppet ligg innanføre dei fastsette grensene.

2. Generelle vilkår

2.1. Utsleppsavgrensning

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er pårekna å ha størst miljømessig verdi, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet pkt. 3 flg. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp ble framlagd i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på anna måte da vedtaket ble treft. Dette gjelder likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette framkjem uttrykkelig av vikarane i pkt. 3 flg. eller dei er så små at dei er rekne for å vere uvesentleg for miljøet.

2.2. Plikt til å overhalde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utslepp innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til økt skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er satt uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i pkt. 3 flg.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utslepp på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha utsleppsmessig verdi. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert. (Jf. Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7²)

2.5 Tiltakspunkt ved økt forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å sette i verk dei tiltak som er nødvendig for å eliminere eller redusere den økte forureiningsfaren, irekna om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har ført til eller kan føre til forureining.

Verksemda skal informere forureiningsmyndigheita og naboar:

- når det planleggast aktivitet som mellombels kan føre med seg auka luktbelastning.
- når mottak av avfall/råvarer viser seg å gje mykje lukt (ikkje planlagt).
- i situasjonar kor utstyr, maskiner (eller liknande) for handsaminga sviktar.

Akutt forureining skal varslast i høve til pkt. 10.4.

2.6. Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere ei internkontroll for si verksemd i høve til gjeldande forskrift for dette³. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet,

² Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter - forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskrifta)

³ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter - forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskrifta)

forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å holde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til kvar ei kvar tid å ha oversikt over alle tilhøva som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikotilhøve.

Verksemda skal ha eit avvikssystem som inkluderer ytre miljø, deriblant lukt.2.7 Journalføring
Slamavfall som vert motteke ved anlegget, og sluttprodukt som leverast frå anlegget, skal registrerast, vegast og loggførast.

Driftsjournalen skal elles innehalde nødvendige punkter i høve til driftsoppfølging deriblant driftsstans, driftsproblem og avvik frå vilkår i løyve.

Journalen må oppbevarast på anlegget i minst 3 år og vere tilgjengelig for tilsynsmyndighetene ved kontroll. Journalen skal brukast som grunnlag for årsrapportering.

3. Utslepp til vatn

3.1. Utslepp til vatn

Eventuelt sigevatn frå slamhandsamingsanlegget vil verte samla opp i leia til Hartevatn Reinseanlegg som ligg på same tomta. Ein skal ikkje ha utslepp av sigevatn til resipient.

3.2. Overflatevann

Avrenning av overflatevann frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

3.2. Sanitæravløpsvann

Sanitæravløpsvatn skal leiast til offentlig avløpsnett⁴, enten via tette tankar eller direkte tilkopling til offentlig nett når dette er etablert.

⁴ Jf. forurensningsforskriften 15A. Påslepp

4. Utslepp til luft

4.1. Lukt

Slamhandsaminga vil gå føre seg utandørs og anlegget skal drivast slik at det vært minst mogleg luktulemper for nærmiljøet. Driftsrutinar ved anlegget skal til ei kvar ei tid vere oppdatert og utarbeida med tanke på å mest mogleg avgrense luktutslepp.

4.1.1. Grenseverdiar for lukt

Luktemisjon ved den mest belastande bustad, skule, barnehage, sjukehus ol. skal ikkje overstige 1 OUE/m³ (konsentrasjon), angjeve som maksimal månadleg 99 % timefraktil (frekvens og midling). Det betyr at verksemda i 99 % av tida i ein månad må overhalde den angjeve luktkonsentrasjonen. Det inneberer i praksis at det kan forkomme luktutslepp i konsentrasjonar som er over immisjons grense 7 timer per månad.

Dersom Fylkesmannen finn det nødvendig kan vi krevje luktmålingar og luktundersøking av lukt som dokumentasjon på at grenseverdiene overhaldast. Luktmålingar og spreingsberekning skal gjennomførast av eit kompetent fagmiljø og analyseras etter norsk standard NS-EN 13725.

Fylkesmannen kan sette krav om luktreduserande tiltak i det tilfelle det reknast som nødvendig.

4.1.2. Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast en luktrisikovurdering i tråd med anbefalingane gitt i Miljødirektoratets rettleiar om regulering av luktutslepp i løyve etter forureiningsloven (TA 3019/2013), jf. rettleiaren sitt vedlegg 3. Ein skal ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve oppdatere luktrisikovurderinga. I det tilfelle det er hensiktsmessig kan luktrisikovurderinga inngå som en del av den generelle miljørisikoanalysen som er eit krav i pkt. 10.1 *Miljørisikoanalyse*.

Luktrisikovurdering skal sendast Fylkesmannen innan 01.02.2017.

4.1.3. Drifts- og tiltaksplan for lukt

På bakgrunn av luktrisikovurderinga skal det utarbeidast en drifts- og tiltaksplan som viser den tekniske tilrettelegginga av arbeidet og korleis arbeidet skal gjennomførast for å minimere lukt. Planen skal vere i tråd med anbefalingane gitt i Miljødirektoratets rettleiar om regulering av luktutslepp i løyve etter forureiningsloven (TA 3019/2013), jf. rettleiaren sitt vedlegg 4. Drifts- og tiltaksplan for lukt kan inngå som ein del av den generelle tiltaksplanen som er krav i pkt. 10.2. *Førebyggjande tiltak*.

Drifts- og tiltaksplan for lukt skal sendast Fylkesmannen innan 01.02.2017.

4.1.4. Lukthandteringsplan og kommunikasjonsplan

Verksemda skal utarbeide ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan som er i tråd med anbefalingane gitt i Miljødirektoratets rettleiar om regulering av luktutslepp i løyve etter forureiningsloven (TA 3019/2013), jf. rettleiaren sitt vedlegg 5. Lukthandterings- og kommunikasjonsplanen kan inngå som ein del av beredskapsplanen som er eit krav i pkt. 10.3. *Etablering av beredskap*.

Lukthandteringsplan og kommunikasjonsplan for lukt skal sendast Fylkesmannen innan 01.02.2017.

4.1.5. Klageregistrering og driftslogg

Verksemda skal ha eit system for registrering av innkomne luktklager. Klagene skal loggførast samt skal kunne knytast til geografisk stad og tid. Klagene bør vurderast mot vêrdata og avvik frå driftsplanen. Ein skal gje ei vurdering av årsaka til luktutsleppet og ei forklaring av eventuelle tiltak som setjast i verk. Verksemda skal dagleg føre driftslogg for å kunne kjenne att faktorar som kan auke faren for utslepp. Denne informasjonen skal vere kjent for naboar og forureiningsmyndigheten. Klager skal rapporterast i eigenkontrollen, jf. pkt. 11.

4.3. Klimagassar

Verksemnda skal streva etter å optimalisere komposteringsprosessen slik at utslepp av metan (CH₄) vert unngått i den grad det er praktisk gjennomførleg. Fylkesmannen kan seinare vurdere å fastsette grenseverdiar for maksimal konsentrasjon av metan eller andre klimagassar, eventuelt sette krav om oppsamling eller faking dersom det viser seg at klimagassutsleppet frå prosessen blir uønskt høgt.

5. Grunnforureining og forureinande sediment

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar å ha kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemnda sitt område samt vurdere behovet for undersøking og tiltak. Er det grunn til å anta at undersøking eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal forureiningsmyndigheten varslast om det.

Graving, eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn, treng løyve etter forureiningsloven, evt. godkjenning frå kommunen⁵/Fylkesmannen.

6. Kjemikaliar

Kjemikaliar tyder her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemnda, under dette hjelpekjemikaliar som vaskemiddel, hydraulikkvæsker, middel for hindring og sløkking av brann m.m.

For kjemikaliar som nyttast på ein slik måte at dei kan føre til fare for forureining, skal verksemnda dokumentere å har utført ei vurdering av kjemikaliane sine helse- og miljøegenskapar på grunnlag av testing eller annen relevant dokumentasjon, og jf. punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemnda pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikaliar og råstoff. Det skal gjerast ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø forårsaka av dei kjemikalia og råstoffa som blir nytta, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemnda å nytte desse så langt det kan skjje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁶

Stoffer alene, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, bringast i omsetning, eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁷ og anna regelverk som gjeld for kjemikaliar.

7. Støy

Verksemnda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi (døgnmiddel) ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar (kl. 07-19)	Sun- og heilagdag (kl. 07-23)	Kveld (kl. 19-23), kvardagar	Natt (kl. 23-07), alle døgn	Natt (kl. 23-07), alle døgn
L _{pAekv12h}	L _{pAekv16h}	L _{pAekv4h}	L _{pAekv8h}	L _{A1}
55 dB	50 dB	50 dB	45 dB	60 dB

L_{pAekvXh} er A-veiet ekvivalent støynivå målt over X timer.

L_{A1} er eit statistisk maksimalnivå uttrykt som det støynivået som overskridas 1 % av tida.

⁵ Jf. Forurensningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider.

⁶ Jf. Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁷ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008.

Alle støygrenser skal overholdast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sitt ordinære drift, inkludert intern transport på verksemda sitt området og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av tilsette ved verksemda er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for nye busetnad av typar nemn ovanføre og som vert etablert på stader der støybidraget frå verksemda overskrider eller forventas å kunne overskride fastsette grenser i løyve.

Om nødvendig kan Fylkesmannen krevje støymålingar eller støyutrekningar.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelige kostnader eller ulemper å unngå at det dannast avfall som fjølge av verksemda. Særlig skal innhaldet av skadelige stoffer i avfallet vere avgrensa mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørkje for at all handtering av avfall, irekna farlig avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsatt i eller i medhald av forureiningsloven, irekna avfallsforskrifta⁸.

Avfall som oppstår i verksemda, skal så langt som mogleg brukast om att i verksemda sin produksjon eller hjå annan sin produksjon, eller – for brennbart avfall – søkjast utnytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsatt i eller i medhald av forureiningsloven, samt krav fastsatt i dette løyvet.

10. Førebyggande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

10.1. Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre en miljørisikoanalyse av sitt arbeid. Verksemda skal vurdere resultatane i høve til akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal innehalde alle tilhøve ved verksemda som kan medføre akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskader inne på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursar som kan verte påverka ved akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensar ei slik forureining kan føra med seg.

10.2. Førebyggande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserandetiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggande tiltaka.

10.3. Etablering av beredskap

I det tilfelle det er nødvendig skal verksemda på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er satt i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen verksemda til ein kvar tid representerer.

10.4. Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁹. I tillegg skal verksemda i slike tilfelle underrette Fylkesmannen så snart som mogleg.

⁸ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

⁹ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr. 1269

11. Rapportering til Fylkesmannen

Bedriften skal innen 1. mars hvert år rapportere utslippsdata fra foregående år via www.altinn.no. Rapportering skal skje i henhold til Miljødirektoratets veileder til bedriftenes egenrapportering, se www.miljodirektoratet.no.

Ved gjennomgang av egenkontrollrapportene vil vi for utslipp av stoffer hvor utslippsbegrensningene ikke er fastsatt gjennom presise grenseverdier under punkt 3.1 og 4. stadig vurdere behov for å fastsette mer presise, og eventuelt strengere, grenser.

12. Utskifting av utstyr

I det tilfelle ein skal skifte utstyr i verksemda, som gjør det teknisk mogleg å motverke forureiningar på en vesentlig betre måte enn då løyve vart gjeven, må ein på førehand gje Fylkesmannen melding om dette.

All utskifting av utstyr skal baserast på at dei beste tilgjengelige teknikkar for å motverke forureining skal nyttas.

13. Eigarskifte

Dersom verksemda vert overteken av ny eigar, skal det sendas melding til Fylkesmannen, så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskifte.

14. Nedlegging

Dersom anlegget vert nedlagd eller drifta stansa for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ein kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureiningar. Dersom anlegget eller drifta kan medføre forureiningar etter nedlegging eller driftsstans, skal ein i rimelig tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsette nærmare kva tiltak som er nødvendige for å motverke forureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teken hand om på forsvarlig måte, det vil seie at farlig avfall handteras i samsvar med gjeldande forskrift¹⁰. Dei tiltak som treffast i denne forbindelse, skal rapporteras til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans.

Ved nedlegging av verksemda skal den ansvarlige sørge for at driftsstaden setjast i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom verksemda ynskjer å starte på nytt, skal ein i god tid før planlagd start gje melding til Fylkesmannen.

15. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar frå Fylkesmannen eller andre etatar som Fylkesmannen gjev fullmakt, til ei kvar tid få inspisere anlegget.

¹⁰ Avfallsforskriftens kapittel 11 om farlig avfall

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentar er bare omfatta av løyve dersom dette framkjem uttrykkelig av vilkår i pkt. 3 flg. eller dei er så små at ein antek dei er utan miljømessig verdi.

Metaller og metallforbindelsar:

	Forkorting
Arsen og arsenforbindelsar	As og As-forbindelsar
Bly og blyforbindelsar	Pb og Pb-forbindelsar
Kadmium og kadmiumforbindelsar	Cd og Cd-forbindelsar
Krom og kromforbindelsar	Cr og Cr-forbindelsar
Kvikksølv og kvikksølvforbindelsar	Hg og Hg-forbindelsar

Organiske forbindelsar:

Bromerte flammehemmere:	Vanleg forkorting
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelsar

1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid:

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Alkyfenol og alkylfenoletoksyilat:

Nonylfenol og nonylfenoletoksyilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyilat	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerar	
2,4,6 tri-tert-butylfenol	

Polyfluorente organiske forbindelsar (PFCs)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelsar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelsar
Langkjeda perfluorente karboksylsyrer	
Perfluoroktansyre	PFOA
C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelsar:

Tributyltinn	TBT
Trifenylyltinn	TFT, TPT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Siloksan	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
